


Angående skredfare for hyttetomt 32/126 ved Tverrelva

Tomta ligg på ein haug i terrenget. I nord og nordvest er tomta beskytta for skred av to dalar som går nordaust-nordvest, desse vil lede eventuelle snøskred effektivt vekk frå og ned mot elva. Det har aldri, sjølv ved snørike vintrar som 2014/15 vinteren gått skred i området nord for hytta. Grunnen til dette er at det ikkje legg seg skavlar i området pga. av vindretning og at området er har kraftig vegetasjon.

Hytta ligg på om lag kote 325, ein må opp på ca. kote 500 før det er fare for skred. Området nedanfor er beskytta av eit platå ("hylle") i fjellsida som vert kalla Skøradalen. Dette platået strekker seg frå om lag kote 500 til 600 og er ca 200-300 m breidt. Mellom hytta og dette platået er det i tillegg fleire platå og tett vegetasjon.

Alle dei argumenta som er nevnt over gjeld og ved steinsprang. Det er heller ikkje noko som tilseier at det er lause steinblokker i området bak hytta. Jordskred er sjølv sagt alltid eit tema på vestlandet, men vegetasjon saman med dei topografiske tilhøva skulle ikkje tilseie at hytta er i fare. Det er uansett ikkje noko ved dette området som skulle tilseie at dette er ekstra aktuelt, det har heller ikkje vore registrert slike skred tidlegare.



Figur 1 Høgdeprofil, profilane vist på vedlagt kartskisse (0 meter på x-aksen er midt i hytta, på y-aksen er meter over havet)

Tverrelvagjelet i vest er utsatt for for sørpeskred. Det vert stilt spørsmål ved tilkomstveg som følgjer gjelet. Slik me ser det er ikkje dette ein naturleg veg om vinteren. På vedlagt kartskisse er det stipulerte tilkomstvegar som er meir formålstenlege om vinteren. Når tomtene vart frådelt vart desse vintervegane vurdert til å ikkje vere i strid med friluftsløva og det vart då ikkje skrive ein privatrettslage avtale. Skogsvegen i tverrelvagjelet som vart bygd i samband med kraftutbygginga er ikkje ein veg som vert nytta om vinteren og heller ikkje brøyta. Hyttetomtene har uansett berre ein gangrett langs denne. I sommarhalvåret ser me det ikkje som farleg å ferdast langs denne.



Figur 2 Bilde av dalane/haugen bak hytta

For Mons Ove Kleivane, eigar av 32/126

Kai Morten Kleivane, medeigar 32/5

Vedlegg: Kartskisse 1:1000